# Aarsmelding for 1925.

Idrottslaget „Skarphedin" hadde aarsmøte i „Ljoshall" Sundag 19 april. Aarsmelding og rekneskap vart upplesne og godkjende.
So vart ymse saker drøfta. Millom anna vart det snakk um laget skulde planta. Form. hadde tidlegare snakk med Anders L Rivheim um aa faa planta ut ein teig i Sjoalidi paa ca 60 maal. Ungdomslaget Fram var og tilbydde aa vera med, og dei var viljuge til det. Alle i lyet var samde um at dette var eit stort og godt arbeid som maatte setjast i gang. Det vart so vald ei nemnd som skulde forhandla med grunneigaren og Ungdomslaget og elles ordna alt paa beste maaten. Dei valde var Johs O Borge Olav Smaaland og Johs Tveitaas. Det vart so snakk um kor me skulde faa plassen ferdig. Det vart vedteke at kom bana matte no ferdig fyrst, so bana randt og fotballplass etter so me evna.
Det vart og tala um kor me skulde faa unguter til aa ordna. Det vart vedteke at det skulde haldast ein aarviss jr. konkuranse i av tikampøvingarne. Og elles skulde alle gjera sit til aa vera imøtekomande med nykomingar og rettleida dei paa beste maate. Form. gjorde so kjendt at han hadde vore so heldig aa fenge av interesserte folk 3 pokalar som skulde uppsetjast i fri idrott. Etter litt diskusjon vart me samde um aa setja ein upp i kvar gruppa i tikampøvingarne. Altso i kast laup og hopp. Og so skulde laget kjøpa tre jr. til kvar pokal som dei kunde keppa um samtidig. Det vart so gjenge til val. Formann og nestform. vart attvalde. I styre vart Jon Lone og Ivar A Lone varamenn Magnus og Leif Solberg. Skr. Johs Tveitaas. Det vart gjenge fraa møte og til Idrottsplassen og skoda paa arbeide som var gjort, og fra

x

det som skulde gjeraat. Det var mykje av
baae partar.

Flaggstongløpet var aarets fyrste konkuranse
Olai Smaaland var einaste utsending og han
tok 3 p. Han var og innmeldt til kretsmeister-
skapet i terrenglaup fraa Lapsvaag men kom
forseint av ei mistyding.

So var det fotballkamp 7 juni med „Forward"
Vaart tapte diverre med 0-3 Sundag 19 juli
spela „Skarphedin" fraa Møllenfris med „Røy".
Det var laget sine fyrste utanbygdskamp, og
det var mykje spending um dei vilde koma
nokolunde bra i fraa det. Det var og fyrste
gong det var spela med fullt lag.

Spelarane var, rekna fraa maal: Hans Tjostheim
Jakob A. Lone Rasmus Skistad, Johannes A. Lone
Rasmund A Lone Rasmus J. Lone Olav B.
Lone Anders A Lone Ivar A Lone Sigmund
Holvangsnes og Leif Solberg. I fyrste runde
var kampen sers jamn og resultatet var
2-2. Det eine maal fraa Skarphedin var
(denne var ein fraa Bergen)

x

straffespark og var sers hardt dømdt. I andre
runde byrja Skarphedin med god fart, men
det førde ikkje til noko resultat, men so med
ein gong vart spelet liksom umsnudd og Røy
fekk heilt yverlaket, so runden gjekk ut
med 0-3 til bate for Røy. Det viste seg at
vaart lag hevda seg godt um dei ikkje nettopp
sigra, og dei hadde publikum sin fulle sympati.

Sundag 2 aug. hadde Skarpedin besøk av fotball
laget „Henning" Bergen. Fyrste umgang var slapp
spel fraa baae partar utan maal. I andre
runde var bygutane lifegrand betre og
laga tvo maal. Vaart lag skulde ikkje ha
late seg sjølv aa møta eit framandt lag i
ei so daarleg form som dei var ved denne
kampen.

Sundag 23 aug hadde laget pokalkamp. Dei som
vann pokalarne var i laup Magnus Solberg
i hopp Nils Smaaland og i kast Leif Solberg.
30 aug. var det premieutdeling for dei som var under
18 aar. Øvingane var lengde høgde løen og
spjot premiarne var for samanlagt poengsumme.

x

Same dagen var juniorstemnet paa Nestun. Skarphedin hadde 4 mann av garde. Der var stor deltakelse og gode resultat. Leif Solberg uppnaadde 3 pr. i 400 m. tid 58.9 og Johs Tveiteraas 3 pr. i dicos 31.78 m. So beselte me fjordeplassarne i 1500 lengdehopp og kula. Sundagarne 6te og 13te septbr. var det kamp med Amerikanarne for tiltje og siste gong. Daa dei baae dagarne berre kunde stilla 7 mann, vart det ein lett siger ~~for vaar~~ utan noko spending. Dei som fekk pr. i gruppone var i laup: 1 pr. Leif Solberg. 2. Gunnar Haugland Fyk. 3. Magnus Solberg. Kast: Reinert Solberg 2. Skreien " 3. Tjellanger Fyk. Hopp: Nils Smaaland 2. Jarle Rumhovde. 3. Leif Solberg. Ekstrapr. for beste resultat fekk Leif Solberg for 1500 m. tid 4.44.5. Pokal for beste mann i alle tri aari fekk Nils Smaaland. Ørmed er den trioarige kamp med "Fyk" ferdig og dei 100 kr. gjekk i Skarphedin sin kasse. Den samla poeng summ vart: Skarphedin 3/680.750 og Fyk 2/725.675. Skarphedin vann altso ikkje berre samanlagt men

x

kvart einaste aar. Vidare fekk haust me fotballkamp atter den 30 oktober med eit lag fraa Eidsvaag. Skarphedin vann med 9-0.

Idrottslaget hadde so fest i Framtvald attpaa konkuransarne sine. Det var ein greid fest med foredrag av ingeniør Schjerven, felespel av Bjørndal og annan moro. Premielista for eldste klasse vart i laup 1 Magnus Solberg. 2 Olav Smaaland 3. Leif Solberg. I hopp: 1 Nils Smaaland 2 Leif Solberg. 3 Jon Vaue. I kast: 1 Leif Solberg 2. Johs Tveiteraas 3. Olav Smaaland. Av juniorarne fekk desse pr. 1 pr. Karl Haland 2. Olav Kleiveland 3. Oddvin Smaaland.

So ~~tok~~ kom me ~~.....~~ vinteridrotten. Mykje is og lite snjo. Det var sovidt det vart raad halda 30 km langrenn. Det kombinerast motte diverse slogfast av snjomangel. 30 km var noko stutt og gjekk fraa Kvitheim sætri Hallandsdalen Lonasætri Fagerstølen Øvsyver til Brøkdalen unger under Brøk

lidene, upp nordanfor Vangeli, Vindeggi og attende til utgangspunktet. Det var berre 7 som starta og dei fullförde lauped alle. Beste tid fekk Olai Smaaland som gjekk ut som siste mann og kom at fyrst. han brukte . Nr 2 Johs Skjerping
3. Andres Skjerping 4. Ivar Z. Vedaa
5 Knut Liotun 6 Nikolai Brekke
7 Mons Veole.

So vil me sjaa litt paa kva som e gjort for plantearbeidet. Idrottslaget si nemnd saman med ei nemnd valt av Fram m.l. hev funne feltet uppmaalt og steina. Fylkesskogmeistaren var sjölv paa staden og kartlagde og godkjende feltet.
Etter ikkje so radt faa möte og forhandlingar baade millom lagi og grunneigaren vart dei einige um denne kontrakti som vart underskrivi i februar.

Underskrivne Anders L. Reoheim og

Turn & idrottslaget Skarphedin og ungdomslaget Fram Hauge, gjer soorri semja med ein annan:
Dei nemnde lagi fær rett til aa planta ut eit fredskogsfelt i Sjoalidi ved Vaneväng. Grensorne er: For nordre linja merkelinja millom Reoheim og Borge, for söndre linja grenselinja millom grunneigaren og nabogarden. Austre linja er etter högdedrage og nedste linja er av=merkt med tvo merkjesteinar. Paa nordre sida er steinen aa finna ca. 180 m. rekna fraa högdi og paa sudsida er 213 m fraa högdi.
Dei fyrnemnde lagi skal vera forplikta til aa hegna feltet inn og planta det heile ut paa 5 aar, rekna fraa 1 mai 1926, og dei skal til kvar tid halda gjerdet i stand til skogen er so stor at den fredar seg sjölv. Som vederlag for dette skal dei tvo fyrnemnde lagi faa ein fjerdepart av skogen. Naar tjuge aar fraa ~~skogen~~ fred er utplanta skal skogen verta delt og utskifta millom lagi og grunneigaren. Delingi skal

Skal gjerast av tri mann som vert
aa velja soleis: Grunneigaren vel ein
mann, lagi vel ein - utanom sine lem-
og Haus skoglag nemner ut den tridje.
Den avgjerd som desse menner tek skal vera
bindande for alle partar. Kostnaden med
dette synet skal betalast av partarne
etter deira eigedomsrett i skogen
Naar skogen er delt og utsteina skal
kvar partnavar, lagi og grunneigaren, hava
full rett fraa kvar sin lut av skogen,
innan dei reglar som for kvar tid gjeld
for slike felt. So lenge skogen ikkje er delt
~~millom~~ lagi og grunneigaren, skal ut-
logor eller innkoma med utbyrning delast
som fyrnemnd, ein fjordepart fraa lagi og
3 fjordepartar fraa grunneigaren.
Lagi skal vera forplikta til aa hogga all
sin part av skogen og faa den burt fraa
feltet seinast 5 aar etter at fylkjesskog-
meistaren - eller ein i hans stad - hev gjeve

löyve til at skogen kann hoggast, og all
deira rett i feltet skal daa etter dei nemnde
5 aar vera ute. Dersom det eine laget döyr skal
den parten til falla det andre laget. Dersom baae
lag legg i hop gjeng alt til grunneigaren
(Dersom dei ikkje hev aarsmöte 5 aar etter einannan)
Dersom lagi ikkje gjer sin skyldnad etter semja
med um syn til utplanting og vedlikehald
av gjerdet skal deira rett i skogen vera
tapt. Vert det twist kvenne skal det avgjerast av
fylkjesskogmeistaren. Denne semja vert aa
tinglysa som eit hefte paa gardsnr. 8 br.nr.
3 Revheim i Haus herad og utlagorne med
det skal betalast av dei fyrnemnde lagi.
Det gjerdematrial som er aa finna i feltet
skal lagi hava lov aa bruka utan vederlag.
So er det aa vona at idrottslaget föler det
ansvar som fylgjer med eit sovore vedtak
og gjer kva dei kann i saman med Frams
aa faa semja uppfyllt paa beste maate

Johs. [illegible]